

## Mobilitetsveka opnar fredag 16. september

**Fredag 16. september kl. 07.30 opnar Mobilitetsveka 2022 på Kleppestø kai på Askøy. Mobilitetsveka er ei feiring av miljøvennlege transportformer, og har program i alle Miljøløftet-kommunane, Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. På årets program står sykkelshow, bilfri dag og mykje anna.**

Temaet for årets mobilitetsveke er "Betre forbindelsar". Vi vil vise korleis transportmidla heng saman, enten det er sykkel, sparkesykkel, buss, bane, båt og gange, og korleis du kan kombinere dei i ein grønare reisekvardag.

### Program heile veka

Det heile startar altså på Askøy fredag 16. september. Her opnar Mobilitetsveka med morgonutdeling på Kleppestø kai 07.30. På ettermiddagen kl 15 blir det torgdag med skatekurs og sykkelshow på Kleppestø.

Laurdag 17. september blir det bilfri dag i Bergen sentrum, gjennom Vaskerelven, rundt Engen og Veiten og ned Øvre Ole Bulls plass. Byråd for klima, miljø og samferdsel, Thor Haakon Bakke, opnar den bilfri dagen 11.30 i krysset Vestre Torggate/Vaskerelven.

Det blir aktivitetsløype for barn i Vaskerelven, ein kan sykle og mikse sin eigen smoothie på smoothiesykel, det blir hoppeslott i Veiten, sykkelshow på Torgallmenningen og mykje meir. Veka fortset med sykkelshow og fiks sykkelkurs i Øygarden måndag 19. september, kollektivdag 20. september, nytt arrangement i Bjørnafjorden onsdag 21. september og i Alver torsdag 22. september. Heile programmet ligg her: [www.miljøløftet.no/mobilitetsveka2022](http://www.miljøløftet.no/mobilitetsveka2022)

### Om europeisk mobilitetsveke

Europeisk mobilitetsveke har som mål å synleggjere korleis du kan reise meir miljøvennleg, samtidig som du dekker transportbehovet ditt. Mobilitetsveka blir arrangert kvart år frå 16. – 22. september over heile Europa. I 2021 deltok over 3000 byar og tettstadar i 53 land. Mobilitetsveka er dermed Europas største kampanje for miljøvennleg transport.

#### Kontaktpersonar

**Aina Haugstad**  
Leiar, Miljøløftetets sekretariat  
[Aina.Haugstad@vegvesen.no](mailto:Aina.Haugstad@vegvesen.no)  
Telefon: 97700413

**Anders Kjetland**  
Kommunikasjonsrådgjevar, Miljøløftetets sekretariat  
[Anders.Kjetland@vegvesen.no](mailto:Anders.Kjetland@vegvesen.no)  
Telefon: 95706862